

LOP avdeling Gudbrandsdal
v/Birgit Dyrset
Raubergvn 8

2670 Otta

LOP Landsforbundet for offentlige pensjonister
Postboks 601
Sentrum

0104 Oslo

E-post: post@lop.no

INNSENDING AV DOKUMENT FRÅ ÅRSMØTET


Årsmøtet vart halde 05.03.25 i Auditoriet på NGVGS avdeling Otta

Vedlagt er:

- 1: Protokoll/Referat frå årsmøtet med underskrifter, møteleiar og to valde frå Årsmøtet
- 2: Årsmelding 2024 med underskrifter, styret
- 3: Resultatrekneskap for 2024 med underskrifter, kasserar, to revisorar og styret

Otta, 17.03.25

Med helsing



Birgit Dyrset
leiar

Referat frå årsmøtet i LOP avd Gudbrandsdal 2025

Møtet var på Ngvgs avdeling Otta, onsdag 05.03.2025 i Auditoriet.
23 medlemmer møtte fram.

Før årsmøtet heldt Morten Wangen frå Vinstra eit engasjert og sers informativt foredrag med bilete og videosnuttar om historia om vasskraft i Noreg, om kraftutbygginga i Vinstravassdraget og skråblikk på energipolitikken i dag. Mange veit noko om temaet frå før, men her fekk vi masse ny og interessant informasjon om historia til vasskrafta i landet på ein oversiktleg og klargjerande måte. Politikken før og dei marknadsliberalistiske endringane til politikken vi har i dag var sers klargjerande. Det er all grunn til å angre seg for at ein ikkje møtte opp på årsmøtet og fekk med seg dette!

Etter eit langt foredrag og med hovudet fullt av tankar, passa det bra at lunsjen måtte flyttast fram, og vi kunne ta ei god pause før årsmøtesakene.

Sak 1:

- Godkjenning av innkalling: Godkjent
- Val av møteleiar: Birgit Dyrset
- Val av sekretær: Liv Storbækken
- Val av to personar til å skrive under møtebok: Ivar Teigum og Maj-Britt Svastuen

Sak 2: Årsmelding

Sekretæren, Liv Storbækken, las opp årsmeldinga for 2024, som vart sendt ut før møtet: Godkjent

Sak 3: Rekneskap, budsjett og kontingent

Kasseraren, Bjørn Engehagen, gjekk gjennom rekneskapen for 2024:

Behaldninga i banken er på kr 105 380

Driftsresultatet for 2024 er på kr -6832 (Inntektene var på kr 332 331 og utgiftene på kr 339 103)

Rekneskapen vart godkjent

Kontingenten: Her har LOP sentralt auka sin del av kontingenten til kr 390, så vi ser oss nøydde til å auke kontingenten til kr 500 for å få noko att til lokal drift.

Ny kontingent på kr 500 vart godkjent

Sak 4: Val

Leiar: Birgit Dyrset 1 år

Sekretær: Liv Storbækken 1 år

Kasserar: Bjørn Engehagen 1 år

Styremedlemmer: Eli Fredriksen 1 år, Kari Bjølgerud Hansen 2 år

Varamedlemmer: Jorun Haugstulen 1 år, Wenche Øvstedal 2 år

Revisorar: Øyvinn Byre 1 år, Ove Ruud 2 år

Vara: Jacup Skjedsvoll 1 år

Turkomité: Birgit Dyrset 1 år, Ola Grøslund 1 år, Ole Petter Hansen 1 år, Marit Håkenstad 1 år

Valnemnd: Anne Holden Grøslund 1 år, Frøydis Elisabet Axe Øvsteng 2 år, Kari Hølmo Holen 3 år

Informasjon frå leiaren:

- Plan for langtur til «Havlandet» Fosnavåg (Geiranger, Ålesund, Selje) den 17. til 19. juni er så godt som klar, så invitasjon kjem snart. Her må ein merke seg at det er korte fristar for påmelding og betaling.
- LOP sentralt har problem med å rekruttere nye medlemmer. (Unge pensjonistar ser ikkje ut til å vera så interesserte). Dei jobbar med nytt medlemsregister og økonomisystem, så innkrevjing av kontingent vil neste år kunne skje sentralt. Det vil lette arbeidet for den lokale kasseraren. Tannhelseutvalet har lagt fram ein rapport der dei ser på korleis tannhelsetenesta kan harmoniserast med andre helsetenester. Rapporten er for tida på høring.
- Vi har fått to nye medlemmer siste året. Eksemplar av medlemsbladet «Vi i LOP» vart delte ut til medlemmer frå andre bygder til å leggje ut på biblioteka.
- Informasjonsdag om demens har vore utsett fleire gonger pga sjukdom hos demenskoordinatoren i Sel Kommune, men interessa for temaet er såpass stor at styret vil gjere nye framstøt.

Otta, 05.03.2025

Liv Storbækken

sektretær

Birgit Dyrset
leder

Maj-Britt Simonsen

Åsleiv Bergsjø

Årsmelding for LOP Gudbrandsdal 2024

Årsmøtet i 2024 vart halde den 14.03.2024 i Auditoriet på den vidaregåande skulen på Otta. 37 medlemmer møtte fram.

Før årsmøtesakene heldt Ivar Teigum eit sers interessant foredrag om Vågåkyrkja, med utvalde smakebitar frå boka han nyss har skrive.

Valet på årsmøtet ga dette resultatet:

Leiar: Birgit Dyrset 1 år

Sekretær: Liv Storbækken 1 år

Kasserar: Bjørn Engehagen 1 år

Styremedlemmar: Elsa Ruste 1 år, Eli Fredriksen 2 år

Vara: Ellen Lilleeng 1 år, Jorunn Haugstulen 2 år

Revisorar: Ove Ruud 1 år, Øyvind Byre 2 år

Vara: Jacup Skjedsvoll 2 år

Turkomité: Birgit Dyrset, Ola Grøslund, Ole P Hansen, Berit Tangvik, alle 1 år

Valkomité: Kari Bjølgerud Hansen 1 år, Anne Holden Grøslund 2 år, Frøydis Elisabet Axe Øvsteng 3 år

Medlemstalet er ganske stabilt: Vi har fått to nye medlemmer dette året, mens nokre få har falle frå, så vi er ca 80 medlemmer. Medlemskontingenten har vore på kr 400, det same som i fjor.

Aktivitatar:

Det har vore 4 styremøte.

- Langturen i år gjekk til Finnskogen den 11.-13. juni (45 var med)
- Den 22.08. var vi på dagstur til Skåbu og Sikkilsdalen, (25 var påmeld, 20 deltok)
- I desember var det Adventstreff på Thon Hotell, Otta, som vanleg. (41 medlemmer møtte opp), og Geir Marius Thorud underheldt på trekkspel.
- Det har vore jobba med ein temadag om demens, men grunna sjukdom utsett så langt.

Økonomi:

Nokre medlemmer har ikkje betalt kontingenten, men økonomien i laget er god med vel kr 100 000 i kassa.

LOP sentralt: Sentralt har LOP bl.a. jobba med å få til samarbeid med andre pensjonistorganisasjooner i Unio, med forslag til Statsbudsjett, kollektivtilbod og TT-kort og samordning av sentrale og lokale vedtekter.

Takk til alle som har støtta opp om LOP i 2024, og vel møtt til nye opplevingar og ny innsats i 2025!

Liv Storbækken
sekretær

Bj. Enge Lj —

Birgit Dyrset
leiar

Elifredriksen

Liv Storbækken

Elsa Ruste

LOP avd Gudbrandsdal

RESULTATREKNESKAP 2024

INNTEKTER.

Kontingent	25900
Møteinntekter	24000
Tur	277400
LOP	<u>5031</u>
Sum	<u><u>332331</u></u>

UTGIFTER:

Kontingent LOP	19840
Møteutgifter	35033
Gaver	580
Tur	<u>283710</u>
Sum	<u><u>339163</u></u>
Driftsresultat	<u>6832</u>

BALANSEKONTO pr. 31.12.24

Eiendeler	105380
-----------	--------

Rekneskapen er revidert og funne i orden

Otta, februar 2025

Bj. Eng. L.
kasserer

Arvid
revisor

Pjvind Byre
revisor

Britt Dyrsel
liar

Lars Stenbrækken
sekretær

Elsa Ruste

Elisfredickan